



Bjørn Gunnar Fjærstad
Breivikskårane 57
5363 ÅGOTNES

Dato: 19.08.2015
Vår ref.: 2014/24442-5
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.:

Vedrørende søknad om oppføring av bustadhus og bygging av tilkomstveg - Ytre Fosse Gnr 146 Bnr 47 - Askeladden id. 127181 - Lindås kommune

Viser til telefonsamtale 19.08.2015 og tidlegare korrespondanse i saka, seinast i e-post frå Kåre Torsvik vedrørende søknad om løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne, Askeladden id. 127181, for oppføring av nytt bustadhus og tilkomstveg på Ytre Fosse, gnr. 146, bnr. 47.

Oppføring av bustadhus og bygging/utbetring av tilkomstveg er søkepliktige tiltak, jf. plan og bygningslova §20, 1. ledd. Difor må søknad om byggeløyve først vere sendt kommunen, som då sender saka til kulturminnemynde, Hordaland fylkeskommune, for vurdering. I tilfelle der regionalt kulturminnemynde vil rá til at Riksantikvaren gjer dispensasjon frå kulturminnelova § 8, 1. ledd for inngrep i automatisk freda kulturminne, kan kommunen godkjenne byggesøknad med dei vilkår Hordaland fylkeskommune set. Fyrst då har fylkeskommunen anledning til å sende dispensasjonssøknad til Riksantikvaren med vår tilråding.

Vi minner om at det må komme tydeleg fram av byggesøknaden som skal sendast kommunen kva som er føremål med utbygging (oppføring av bustadhus, ny tilkomstveg, osv.), og kven som skal bygge. Det er svært viktig for vidare saksgang å presisere kven er partane i saka, dvs. kven som eig tomta. Er det grunneigaren som skal sjølv bygge og bu i huset eller skal tomta selgjast? Når skal huset byggast? Eventuell søknad om dispensasjon for inngrep i automatisk freda kulturminne vert ikkje behandla av Riksantikvaren før det føreligg eit konkret tiltak, godkjent av kommunen og med eventuelle vilkår sett av Hordaland fylkeskommune.

Før Hordaland fylkeskommune kan oversende saka til Riksantikvaren for handsaming av dispensasjon frå kulturminnelova § 8, 1. ledd må det ligge føre søknad om byggeløyve til Lindås kommune.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Monika Cecilia Serafinska
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift

Kopi til:
Lindås kommune



